

## Soli og Månen.

Av Helge Leirdal.




Ein globus er ein miniatyrmodell av Jordi. Når du snurrar honom rundt stend han likevel i ro. Intje reiser han nokon stad.

So ogso med Jordi. Ho stend i ro på same staden medan ho snurrar rundt seg sjølv. Kvar fulle rotasjon tek 23 timar og 56 minuttar. Men — so må ho fortsetja fire minuttar til for å taka att Soli, og 54 minuttar for å taka att Månen, som hev meir fart på seg. Soli gjeng nemleg i bane rundt Jordi på same måte som Månen, men som me sér saktare (rundt ein sekstedel av farten til Månen).

Me kann tenkja oss at me er høgt over Nordpolen. Me vil der sjå at Jordi under oss roterer mot klokka med bra fart, og at Månen og Soli sirklar rundt Jordi, ogso dei mot klokka, men nokso sakte. Soli brukar eitt år på å koma seg rundt, og Månen i underkant av ein månad.

Fjøsniisfarne som påstår at Jordi og Soli tumlar gjennom verdsrommet i ein agaslaus fart — er dei tje klar over at stjernehimmlen frå vår ståstad er fullstendig stabil med Nordstjerna [Polaris] heilt i ro?! Og alt skulde liksom vorte til frå ein svær smell...

Med andre ord: Jorði er midtpunktet i vårt solsystem. Årstidorne fær me ved at Soli gjeng i ei skrå bane rundt Ekvator: lenger sud um vetteren og lenger nord um sumaren.



Dette biletet viser ikkje korrekt avstand millom Soli og Månen og Jorði (for kort), men derimot rett inbyrdes avstand og rett inbyrdes storleik: der for å illustrera kvifor Soli og Månen for oss sêr like store ut frå Jorði.

Um Månen hadde vore solli vår vilde døgeret vore 24 timar og 50 minuttar, nofo som vilde passa døgnrytmen vår perfekt. So — var Månen den gamle solli vår? Som me vart laga for å passa til? (Eller omvendt?) Som me sêr frå vår ståstad er Soli og Månen nøyaktig like store, so Gamlesoli [Månen] vilde dermed i teorien gjeve frå seg nøyaktig same ljøs og varme som Soli. Me hev gamle segnor um ei fjern tid då Månen enno ikkje fannst, og so ei tid med tvo soler: ein hvergangsfase der Gamlesoli fakte vart sfrudd ned i ljøstyrke medan Soli like fakte vart sfrudd upp. Berre når dei bae var midtveges vilde dei lysa litt, elles vilde ei lysa sterkt og ei veik. Det er dette me høyrer mest um, då stoda var slik lengst tid, naturleg nok.

Det er mange eksplosjonar og mykje aktivitet på Soli; det sêr me ogso tydelege fâr etter på Månen, med alle [eksplosjons]krateri. Han sêr godt herja ut. Å påstå at dette skuldast meteornedslag er 'kje mykje gjennomtenkt: dei aller fleste vilde kome inn på skrå og laga avlange krater. Og det er 'kje måte på for *mange* som måtte ha kome!

Då me hadde Gamlesoli var det knapt årstidor å snakka um, naturleg nok, etter som kvart år berre var på 29 dagar, og ho gjeff nokso stabilt rundt, rettnok med litt varierende avstand frå Jorði. Det vart beskrive [i Afrika] som det var eit vassflôr i lufti; det var alltid behageleg temperatur og alltid grønt og frodig. Men då Månen dukka upp vart alt brått utriveleg: slik me hev det i dag. Dette liver den dag i dag i folkeminnet på bae sidor av Atlanteren.


---

*Teorien til Björkman er som fylgjer:*

"Planet Earth is the center of our Solar System and Universe and is located between the Sun and planet Mars. It rotates 360°/24hrs.



The Sun and planet Mars orbit each other around a location  $P$  away from the Earth at orbital speeds  $V_s$  for the Sun and  $V_m$  for Mars. All other planets in our Solar System orbit the Sun.



The forces  $F$  between Sun and Mars are equal and the Sun/Mars system is always in balance. Force  $F$  is a combination of centrifugal, electro-magnetic, electric field and gravity type forces. Seen from Earth it seems Earth and Mars orbit the Sun, but it is an illusion. Earth just remains, where it is, all the time.

All the rest (Solar System and Universe) moves in my opinion relative Earth."

<https://heivaco.com/moontravelb.htm#M1>

Han meiner også at Soli og Mars må ha omtrent identisk masse, og at Jorden må vera mykje større og tyngre enn desse tvo.

Me hev også Tycho's-teorien til Simon Shack:

<https://www.tycho.info/>



The Sun i New York hadde i 1835 ein artiffelserie i seks deler um at det var observert folk på Månen gjennom ein særskraftig stjernefikert. Og ogso folk med vengjor, einhyrningar og mange andre fabeldyr.

Og folki svalde det rått, naturlegvis, affurat som dei gjerer i dag. Dei trur amerikanarane byrja reisa til Månen i 1969, og blir svært fortørna [sinte og aggressive] når me fortel deim at dette var reinspikka svindel og ingen ting anna. "Måneraketten" var berre ein sylindar full av helium i øvre del med litt fyrverkeri under. Som med alle andre "romraketar" dei hev sendt opp.

---

